

Meir grovfôr er godt for alt

Kan tidleg gjødsling og hausting gi meir og betre grovfôr, betre bondeøkonomi og reduserte metanutslepp? På Fureneset forsøker me å finna svara!

Lisa Elvagjeng, NLR Vest

Det hender me høyrer: «Ingen ting er som før!» Dette er på ingen måte ein vassstett påstand, men me lever i ei verd der klima endrar seg, noko som mellom anna påverkar måten me produserer maten vår på. I tillegg opplever me no ein ustabil verdssituasjon, som igjen fører til at det er godt å vera mest mogeleg sjølvhjelpen med mat. Det er både tryggare og meir berekraftig å produsera mest mogeleg av dei fôrmidla me treng innom egne landegrensar.

Utnytter endringane

Prosjektet GrovfôrVekst ynskjer å finna ut av om det går an å auka delen med eigenprodusert fôr i mjølkeproduksjon på storfe. Det gjer me ved å utnytta den klimaendringa som gjer at det har vorte lenger vekstsesong, og at graset kan haustast tre gonger. Ved å hausta graset på eit tidlegare utviklingstrinn enn før, vil grovfôrkvaliteten bli betre. Det kan bidra positivt både til mjølkeproduksjonen og

på økonomien for bonden. Men betre grovfôr kvalitet kan òg føre til reduserte metanutslepp frå dyret. Samstundes er det avgjerande at avlingane er store nok til at buskapen kan fôrast optimalt heile vinteren, så utfordringa er å ha nok fôr, og eit fôr av god kvalitet.

«Det handlar om å utnytta heile vekstsesongen betre.»

SYNNØVE RIVEDAL

Prosjektet GrovfôrVekst starta i år og er finansiert av Regionalt forskingsfond Vestland, Landbruksråd Vestland og FK Agri. TINE og FK Agri yter eigeninnsats. I tillegg er NLR Vestland og NLR Agder

involverte. Feltforsøket vert gjennomført på NIBIO sin forskingsstasjon på Fureneset. Det er tenkt at prosjektet skal avsluttast i februar 2025. Prosjektleiaren er Håvard Steinshamn, medan Synnøve Rivedal koordinerer aktivitetane på Fureneset. Begge er tilsette i NIBIO.

Tydeleg respons

Rivedal fortel at dei endå ikkje har noko resultat å visa til, men at det er godt synleg med det blotte auga at graset svarer på ulik tid for gjødsling og slått.

– Det går an å få inntrykk av at det ikkje er noko enkel sak å fôra opp denne tredje slått. Det blir ofte ei utriveleg tid i fjøsen når tredje slått skal nyttast, mykje laus avføring av kyrne, og ein kan få inntrykk av at dyra ikkje likar det så godt. Kva tenkjer du om dette?

– Ja, det kan fort vera ei relevant problemstilling, seier Rivedal.

– Men dette prosjektet handlar ikkje berre om å ta ein tredje slått. Det hand-

Vekst: Stor skilnad i veksten 9. mai ved gjødsling 30. mars (til venstre) og 29. april (til høgre). Gjødslinga var på begge tidspunkt 6 tonn gylle og 25 kg Opti NS per daa.



Kvalitetsanalyse: Åsmund Kvitte tek ut prøvar for kvalitetsanalyse i forkant av hausting.

lar om å utnytta heile vekstsesongen betre, starta gjødslinga tidlegare og slå tidlegare både fyrste og andre slått.

Ho og kollegaene vart sjølve overraska over å sjå kor langt utvikla grasnet var til tredjeslått.

– Mellom anna raisvingelen stod med fleire aks til tredje slått. Det var tydeleg at når det vart gjødsla og slått tidlegare enn det som er tradisjonelt vanleg, så verka det til at grasnet var komme lenger i utvikling tredje gongen me slo det. Men no ventar me på prøvane me har sendt inn. Det blir spennande å sjå om prøvane viser det same som me fekk inntrykk av denne fyrste vekstsesongen med forsøk, seier ho.

Nyttig dokumentasjon

Hovudmålet for prosjektet er å evaluera effekten av tidlegare vårgjødsling og hausting av enga på gjødselutnytting, årsavling, fôrqualität og fôrkostnadar i mjølkeproduksjon på storfe.

Prosjektet skal talfesta næringsstoffutnyttinga av gjødsla, avlinga og fôrqualiteten i kvar enkelt slått og totalt for alle slåttane, samt dei totale fôrkostnadane. Det er òg eit delmål å kalibrera TINE sitt NIRS-instrument for ferske grasprøvar. Sommaren 2022 tok mjølkeprodusentane sjølve ut grasprøvar som dei sende inn til analysing med tankbilen for å få svar på når det optimale slåttetidspunktet var. Eit anna viktig delmål er å formidla resultat frå prosjektet til næringa, rådgjevingstenestene og forvaltninga.

Mykje godt i vente

Det blir spanande å sjå resultatet av dette på sikt. Klarar me å auka den totale fôrproduksjonen vår, både med tanke på avling og på fôrqualität, kan me hausta mykje positivt av eit slikt prosjekt. Det er godt både for totaløkonomien til bonden, men òg sjølvforsyningsgraden vår - og for klima. Her kan det rett og slett bli fleire fluer i ein smekk!



Grasprøvar: Merete Myromslien klypper grasnet i ca 1 cm og puttar i mjølkeprøvebeger. Desse vart sende med tankbilen for analyse i TINE sitt NIRS-instrument for ferske grasprøvar.

450 døgngader: Tidleg haustetidspunkt var 30. mai ved om lag 450 døgngader.

